

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Telefonmøte
Dato: 19.02.2018
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 94880564 (Kari) / 94789126 (Magnus) eller ved e-post. Vararepresentant møter berre etter nærare beskjed.

Oppkopling telefonmøte:
Ring 800 88 860
Slå kode 605747#

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



Jotunheimen
nasjonalpark

Mobil: 948 80 564

Fylkesmannen i Oppland
Postadresse: Postboks 987, 2626 Lillehammer
Besøksadresse: Norsk Fjellsenter, 2686 Lom

Epost: fmopksv@fylkesmannen.no
Internett: www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Arkiv- saksnr
ST 1/2018	Godkjenning av protokoll/innkalling	
ST 2/2018	Referatsaker	
RS	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Tilbakemelding på søknad om dispensasjon til øvingskjøring - Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps	2018/767
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Søknad om dispensasjon til kjentmannskjøring - Øystre Slidre Røde Kors Hjelpekorps	2018/804
RS	Omgjering av tidlegare vedtak – Miljødirektoratet - Klage - Jotunheimen nasjonalpark -Oppføring av gjeterhytte i Russdalen - Russdalen Beitelag	2016/8595
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Fornyelse av Fortun-Grandfaste-reguleringene – høyringsfråsegn	2017/7736
RS	Søknad - Leirungsdalen beitelag - utviding av beiteområdet	2017/7835
RS	Varsel om gjennomføring av Til Topps 2018 og rapport 2017	2017/805
RS	Besseggen som Nasjonal turiststi - Oppland fylkeskommune - Levert søknad Nasjonale turiststier	2018/735
ST 3/2018	Delegerte vedtak	
1/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Omlegging av kvisteløype mellom Glitterheim og Memurubu - DNT Oslo og Omegn	2018/639
2/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - 2021 - Bruk av snøskuter for utsetting av fisk - Lom fjellstyre	2018/133
3/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018-2021 - Bruk av snøscooter for utkjøring av saltstein - Besstrondfjellet Beitelag v/ Pål Grev	2017/7671
ST 4/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Oppføring av benkebord ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn	2018/191
ST 5/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utbetring av bru over Muru ved Memurubu - Vågå Røde Kors Hjelpekorps	2018/459
ST 6/2018	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Bruk av snøscooter og helikopter for førebuing av TV-program – NRK Hordaland	2018/840
ST 7/2018	Eventuelt	

ST 2/2018 Referatsaker

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Tilbakemelding på søknad om dispensasjon til øvingskjøring - Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps	2018/767
Jotunheimen nasjonalpark - Søknad om dispensasjon til kjentmannskjøring - Øystre Slidre Røde Kors Hjelpekorps	2018/804
Omgjering av tidlegare vedtak – Miljødirektoratet - Klage - Jotunheimen nasjonalpark - Oppføring av gjeterhytte i Russdalen - Russdalen Beitelag	2016/8595
Jotunheimen nasjonalpark - Fornyelse av Fortun-Grandfasta- reguleringene - høringsfråsegn	2017/7736
Søknad - Leirungsdalen beitelag - utviding av beiteområdet	2017/7835
Varsel om gjennomføring av Til Topps 2018 og rapport 2017	2017/805
Besseggen som Nasjonal turiststi - Oppland fylkeskommune - Levert søknad Nasjonale turiststier	2018/735

ST 3/2018 Delegerete vedtak

**1/2018 Delegeret vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon
- 2018 - Omlegging av kvisteløype mellom Glitterheim og Memurubu -
DNT Oslo og Omegn** **2018/639**

**2/2018 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel -
2018 - 2021 - Bruk av snøskuter for utsetting av fisk - Lom fjellstyre** **2018/133**

**3/2018 Delegeret vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -
Motorferdsel - 2018-2021 - Bruk av snøscooter for utkjøring av saltstein
- Besstrondfjellet Beitelag v/ Pål Grev** **2017/7671**

Arkivsaksnummer:	2018/191-4	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	29.01.2018
------------------	------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	4/2018	19.02.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Oppføring av benkebord ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i med heimel i § 3 pkt. 1.3.b) i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, Den Norske Turistforening Oslo og Omegn dispensasjon for oppføring av permanent installasjon i form av benkebord med takoverbygg på «grillplassen» i vestre del av teltområdet ved Gjendebu.

Vilkår:

- Installasjonen må plasserast slik at den ikkje kjem i konflikt med raudlistearten raudsvæve som veks i same området, og også slik at gangtrafikken til og frå benkebordet ikkje skaper nye gangveggar som medfører trakkskader og vegetasjonsslitasje rundt vekseområdet til raudsvæve. Om nødvendig må det lagast fysisk avskjerming rundt vekseplassen.
- Påvising av sårbar lokalitet kan skje ved synfaring med nasjonalparkforvaltar før utplassering, dersom det ikkje er tilgjengeleg personell med kjennskap til lokaliteten.
- Dersom det oppstår utilsikta verknader som slitasje på særleg verneverdig vegetasjon kan det gjevast pålegg om flytting eller fjerning av installasjonen.
- Benkebordet skal påførast farge og taktekking i stil med øvrige bygningar ved Gjendebu.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 11.12.2017 frå styraren ved Gjendebu Turisthytte
- Førebels svar av 11.12.17 frå nasjonalparkforvaltar til Gjendebu og DNT Oslo og Omegn
- Søknad om dispensasjon ved e-post av 09.01.2018 frå DNT Oslo og Omegn

Saksopplysningar

DNT Oslo og Omegn søker om dispensasjon for oppføring av benkebord ved Gjendebu med bakgrunn i følgjande:

- «Gjendebu har ca 1500 registrerte teltgjester hver sesong. Bygningene og anlegget har ikke egnede steder der teltgjestene kan oppholde seg under tak, og det er derfor en del problemer med at teltgjestene lager mat på egne kokeapparater helt inntil veggene og av og til også inne i bygningene. Denne type matlaging gir brannfare på Gjendebu.
- For å redusere problemet med brannfare og samtidig yte teltgjestene bedre service, har vi vurdert å bygge en gapahuk eller to på teltplassene, men vi har nå funnet ut at et tungt og solid benkebord med tak, jf vedlagte bilder, er en god løsning. Bruttomål er L=380 og B=250.
- Vi søker om å plassere benkebordet på «grillplassen», ca 50 meter øst for hovedhytta, se kartvedlegget. Konstruksjonen vil bli satt sammen på plassen, og selv om det er mulig å demontere benkebordet vil det i praksis bli en permanent installasjon.

Hvis det gis tillatelse å utplassere benkebordet tar vi sikte på å transportere den inn og utplassere dem i juni 2018.»

Kart over området og bilete av den prefabrikerte konstruksjonen følger søknaden:




Foto av grillplassen, slik han er i dag:





Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken forbod mott inngrep i landskapet – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1:

1. Landskapet

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Oppstillinga er ikkje uttømmmande.




Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 1.3.b) gi løyve til:

«Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Gjendebu ligg i brukssone med store kvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: *«Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*



Teiknforklaring	
	Sone utan tilrettelegging og inngrep, teig 1 - 4
	Brukssone, teig 5 - 11
	Brukssone

«Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er berre Gjendebu og Memurubu som har tilrettelagde teltplassar innan verneområdet. Installasjonen vil fylle ein nyttefunksjon ved at den gjev ein tryggare arena for matlaging utandørs, utan å trekkje inntil bygningar der det kan oppstå fare for brann. Det kan ikkje påreknast å ha mange bord som sittegrupper rundt omkring på teltplassen, men må tilretteleggast som eit felles punkt som kan brukast av fleire.

Vurdering

Denne innretninga kan dekkje eit behov som kan førebygge ein del uheldige situasjonar knytt til brannfare, og kan karakteriserast som ei *innretning som er naudsynt for drifta av turisthytta*. Det er eit stort tal teltturistar ved Gjendebu kvart år, og ikkje alle er like erfarne når det gjeld vurdering av faremoment ved bruk av eld og kokeapparat. Den aktuelle tomte er brukt til om lag same formål i dag, så benkebordet vil truleg ikkje endre bruken vesentleg. Men ein må vente at det det kan bli meir konsentrert ferdsel rundt ei slik tilrettelegging enn når området ligg der som ei av fleire opne sletter i og ved teltområdet.



Raudsvæve

Kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald er godt (nml § 8). Det er utarbeidd eigen skjøtselsplan for området, og det er kartlagt m.a. raudsvæve ved grillplassen; ein raudlisteart som ikkje veks andre stader i kulturmarka rundt Gjendebu. Det vil derfor vera viktig å ta særleg omsyn til denne lokaliteten når det gjeld plassering. Vekselokaliteten blir ikkje berørt dersom bordet vert plassert sentralt på grassletta. Det må også takast omsyn til forventa ferdselsmønster til og frå samlingspunktet, og om nødvendig gjennomføre skjerming- eller kanaliseringstiltak. Raudsvæve veks ikkje der det er naturleg å gå, slik at faren for slitasje er liten.

Sidan ein har god kunnskap om verneverdiane her, er det ikkje behov for å bruke føre-var-prinsippet (nml § 9). Når det gjeld økosystemtilnæming og samla belastning (nml § 10) kan ein ikkje sjå at ei innretning som gjev meir ordna forhold for utandørs matlaging vil få annan innverknad enn det som følgjer av dagens bruk av området. § 11 i naturmangfaldlova er ikkje vurdert som relevant i denne saka. Ut ifrå § 12 om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder» må det vektleggast at det ved transport og oppføring av benkebordet blir lagt særleg vekt på å

unngå vekselokalitet for raudsvæve og andre registrerte raudlistearter i området. Det må derfor vera personell med kjennskap til desse artane til stades ved leveranse og plassering av benkebordet. Styraren på Gjendebu kjenner lokaliteten godt, gjennom deltaking i skjøtselsarbeidet med styrt beiting med geit. Nasjonalparkforvaltar kan elles gje rettleiing om nødvendige omsyn til naturmangfaldet dersom det er behov for dette.

Arkivsaksnummer:	2018/459-5	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	05.02.2018
------------------	------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	5/2018	19.02.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utbetring av bru over Muru ved Memurubu - Vågå Røde Kors Hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Vågå Røde Kors Hjelpekorps får med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 d) løyve til utbetring av bru over Muru rett vest for Memurubu Turisthytte. Dispensasjonen for å utvide gang-/køyrebane til ca. 170 cm breidde til gjeld i høve til verneforskrift. Spørsmål om ansvarforhold og eigarskap til brua må avklarast av søkjaren.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Tilrettelegginga vil forenkle løypestikkinga med passasje over Muru, og gje betre køyreforhold ved eventuelle redningsaksjonar. Tilrettelegginga blir ikkje vurdert å medføre negative konsekvensar for naturmangfaldet. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru.

Med heimel i § 6.3. k) vert det gjeve løyve til nødvendig bruk av snøscooter for transport av materialar/utstyr til brua. Transportbehovet er stipulert til 4-6 turar, og skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no, seinast dagen før. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum.

Alle restar etter byggearbeidet skal fraktast ut av verneområdet i samband med avslutning av arbeidet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad ved e-post av 22.01.18 frå Vågå Røde Kors Hjelpekorps
- E-post av 23.01.18 – orientering til Lom kommune, Lom fjellstyre og Statskog
- E-post av 23.01.18 – svar frå Statskog, som grunneigar
- E-post av 23.01.18 – svar frå Lom fjellstyre

Saksopplysningar

Vågå Røde Kors Hjelpekorps har sendt følgjande søknad om utbetring av bru over Muru: *«Det har dei siste vintrane vore til dels vanskeleg og krysse elva Muru ved Memurubu med snøscooter. Dette kan by på utfordringar når Vågå Hjelpekorps skal utføre stikking av løype fra Memurubu til Glitterheim.*

Dette kan og være ei utfordring under leiteaksjoner om det skulle være ope råk i elva slik at ein ikkje kan få kryssa den på ein forsvarleg måte.

Det er i dag ei gangbru over Muru, men den er for smal til at en kan kjøre over den med snøscooter. Bru er i dag ca. 90 cm brei, men for å kjøre over der med snøscooter så må den være ca. 170 cm bred.


Vi har vore i kontakt med Memurubu Turisthytte om problemet, og dei er enige i at noko må gjerast. Ei eventuell utbedring av brua vil bli gjort i samarbeid med Memurubu Turisthytte.

Vi søker med dette om å få skifte ut og utvide gangbana på brua slik at det går an og kjøre over den med snøscooter.

I forbindelse med arbeider på brua så søker vi og om å kjøre inn materialer til brua med snøscooter, samt å bruke snøscooter til og fra byggeplass til brua er ferdig.

Dette vil gjelde 4-6 turer fra Gjendesheim til Memurubu. Avhengig av føret.»

Vedlagt søknaden er kartutsnitt som viser plassering av brua:



Statskog v/ Trond Berger har gjeve slik attendemelding: «Utvidingen av bredda på brua virker å være et kurant tiltak som vil bidra til å øke sikkerheten for folk i området. Vi er imidlertid usikker på hvem som eier/ har satt opp og har ansvar for eksisterende bru , dette bør kanskje avklares slik at ansvarsforholdene rundt brua er avklart for framtiden.

Med forbehold om at ikke Lom fjellstyre har vesentlige innvendinger gir grunneiers tillatelse til tiltaket.»

Sekretæren for Lom fjellstyre «kan ikkje sjå at fjellstyret skal ha noko innvendingar til dette tiltaket, så saka vil bli sett opp berre som ei referatsak på neste møte i Lom fjellstyre.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.

Pkt. 1.3 d) opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

«d) Bygging av bruer og legging av klopper.»

§ 3 pkt. 6.1 set eit generelt forbod mot motorferdsel. Pkt. 6.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkelte tiltak, m.a.: «k) Bruk av beltekøyrety på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.»

Forvaltningsplan

Utkast oversendt direktoratet for godkjenning i 2008 er inntil vidare eit rettleiande dokument. Området ligg i brukssone, og forvaltningsplanen seier m.a. dette om denne kategorien: «*Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»

«*Vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruer og liknande er tillate - - - Fylkesmannen kan gi løyve til merking av nye stiar, skilt, vegvisarpilar og bygging av bruer - - »*

«*Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheiter i å krysse elvar.*»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Etablert praksis tilseier at ein opnar for nødvendige utbetringstiltak på gangbruer knytt til stinettet i nasjonalparken. Muru er ei stor elv, og terrenget rundt gjer at trygg passering med snøcooter må skje via brua.

Vurdering

Vernereglane er ikkje til hinder for: «*Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.*» (forskrifta § 3 pkt. 1.2.b). Det er ei bru på plassen i dag, men breiddeutvidinga må behandlast etter same regel som nyanlegg. Men det er ein spesifisert unntaksheimel for bygging av bruer, og utvidinga vil auke nytteverdien av brua. Bygging av bru og nødvendig motorferdsel knytt til utføring er vurdert å vera i samsvar med føringar gitt i utkastet til forvaltningsplan. Breiddeutvidinga vil ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru på staden.

I høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 er påverknaden knytt til motorferdsla til og frå byggeplassen. Transporten vil i hovudsak gå over Gjende, og ut ifrå kjente registreringar vil ikkje ferdsla påverke sårbare artar, jf. kunnskapsgrunnlaget (§ 8). Men generelt er våren ei sårbar tid for vilt og fugl, og det er derfor viktig at ferdsla føregår omsynsfullt slik at dyrelivet ikkje vert unødig forstyrra – jf § 12 i naturmangfaldlova om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode. Føre-var-prinsippet i § 9 og «*Økosystemtilnærming og samlet belastning*» etter § 10 tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområdet. Kvart enkeltvedtak må også vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning; dvs. om eit løyve vil kunne skape presedens og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket gjeld eit oppdrag som er i tråd med forvaltningsplanen når det gjeld tilrettelegging, og påverknad på naturmiljøet er akseptabel. § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant for denne saka.

Konklusjon:

Utvida breidde på bru over Muru ved Memurubu har liten eller ingen påverknad på verneverdiane, og motorferdsla knytt til tiltaket vil føregå i eit mindre sårbart område. Søkjar blir oppmoda om å avklare spørsmålet om ansvar for brua; jf. merknad frå Statskog.

Arkivsaksnummer:	2018/840-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	08.02.2018
------------------	------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	6/2018	19.02.2018

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Bruk av snøscooter og helikopter for førebuing av TV-program – NRK Hordaland

Innstilling frå forvaltar

Med heimel naturmangfaldlovas § 48, jf. § 4 i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, gjev Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av helikopter og snøscooter i samband med synfaring for ei større direktesending som er planlagt i juli 2018, med utgangspunkt søknad av 06.02.18 frå NRK Hordaland. Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Bruk av snøscooter gjeld for områda rundt dei merka stiane/løypene på strekninga Sognefjellshytta – Fannaråken – Skogadalsbøen, og skal utførast i samarbeid med fjelloppsyn Odd Repp i Lom, og SNO eller oppsyn frå Luster når det gjeld areal i Luster. Dispensasjonen gjeld for inntil 2 dagar i løpet av vekene 12-14, og gjeld for inntil 4 scooterar som i størst mogleg grad skal halde følge.
2. På strekninga frå Hjelle mot Vetti skal transporten følgje Folkevegen, og det kan her nyttast transportmiddel etter vurdering av føret (snøscooter, ATV, eller bil). Transporten bør samordnast med Statens Naturoppsyn sine oppdrag i området – kontakt Rigmor Solem via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller mobil 959 65 158. Tidspunkt og transportmiddel avklarast med SNO.
3. Det blir gjeve løyve til landing med helikopter på følgjande lokalitetar: Fannaråken, Gjertvassdalen og Uranosi. Om mogleg skal helikopterbruken samordnast med transporten som DNT uansett vil ha mot Skogadalsbøen og Fannaråkhytta.
4. Det blir ikkje gjeve løyve til landing på Snørestødet, da dette vil røre ved område utan andre inngrep/forstyringar og kan vera i konflikt med sårbar rovfugllokalitet – jf. naturmangfaldlova § 9 om føre-var-prinsippet.
5. Motorferdsel nær dyr og hekkeplasser skal unngås.
Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
6. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato seinast dagen før kvar transport via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere tidsrom, må spørsmålet varslast til nasjonalparkforvaltar i god tid.

Rekognoseringa skal brukast for å planleggje opptak under direktesending på ein måte som gjev minst mogleg behov for motoriserte hjelpemiddel under sjølv sendinga.

Løyve til hjelpemiddel som trengst for å formidle direktesendinga vil bli vurdert på fritt grunnlag når ein eventuell søknad om motorferdsel og/eller løyve til bruk av drone ligg føre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad av 06.02.18 frå NRK Hordaland - *Søknad om løyve til å køyre snøskuter og helikopter i nasjonalparken, samt motorkøretøy på Folkevegen i Årdal - synfaring*

Saksopplysningar

I søknaden er det gjort slik greie for ønsket om å nytte helikopter og snøscooter:
«Sommaren 2018 planlegg NRK å sende direkte tv minutt for minutt frå Jotunheimen og 3 andre fjellområde. Med Lars Monsen i spissen skal eit tv-team gå til fots, og sende direkte i 5 timar dagleg. Om kvelden slår Monsen og teamet leir, og blir med i Sommeråpent-sendinga direkte på NRK1.

Målet med sendingane er å formidle enkelt friluftsliv og norsk turkultur.

Dei eksakte rutene er enno ikkje fastsette eller offentleg kunngjorde, men i veke 29 planlegg vi å gå i Jotunheimen, etter ruta Bøvertun – Sognefjellshytta – Fannaråken – Skogadalsbøen – Vetti. Turen startar onsdag 18. juli, og sluttar søndag 22. juli.

For å avgjere om tv-sendinga let seg gjennomføre teknisk, treng NRK i god tid på førehand å synfare ruta vi skal gå, og enkelte høgdedrag og toppar omkring. Målet med turen er å teste sendeforhold på utvalde punkt.

Vi søker med dette om løyve til å køyre med snøskuter dei delane av denne strekninga som ein kan nå på skuter, altså strekninga Bøvertun - Sognefjellshytta – Skogadalsbøen. Sjølve synfaringa er rekna å ta to dagar, helst i veke 12, men er sjølvstøtt avhengig av ver og føre. Vi søker derfor om løyve for heile veke 11, 12 og 14.

Synfaringa vil bli gjennomført i samarbeid med fjelloppsyn i Lom, Odd Repp, og med røynde innleigde skuterførarar. Vi søker for i alt 4 skuterar.

I tillegg ønsker vi ein einskild tur med bil/atv/skuter, alt etter føre, inn Folkevegen frå Øvre Årdal til Vetti gard, i same tidsrom.

For dei delane av turen vi ikkje kan nå med skuter, altså Fannaråken – Gjertvassdalen – Utladalen. søker vi om å få fly/ lande med helikopter. Her er formålet å sette av/plukke opp att folk for å teste signal på Fannaråken, i Gjertvassdalen, Snørestødet i Utladalen og Uranosi (1425) ved Skogadalsbøen. Dette gjeld ein einskild tur, som vi gjerne tilpassar til beste tid på året etter innspel frå nasjonalparkstyresmaktene.

Alle våre turar skal skje så skånsamt som mogleg. Vi legg vekt på sporlaus ferdsel.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Verneforskriftene set i utgangspunktet eit forbod mot motorferdsel (§ 3, 6.1):

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Det er ikkje spesifisert unntaksregel for bruk av motoriserte hjelpemiddel for produksjon av filmar eller TV-program, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Unntak kan også vurderast «dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Verneformål

Formålet med vern av Jotunheimen nasjonalpark er

«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi

- - - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Utdalen landskapsvernområde:

«Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.

- - - - -


Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Generell føring i planen er at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og at omfang av motorferdsel skal haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel kan forstyrre fugle- og dyrelivet, og er i tillegg eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet, jf. siste ledd i formålparagrafen.

Rekognoseringsområdet ligg hovudsaklege innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008, teig 9, 10 og 11. Om desse sonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



Når det gjeld motorferdsel for fotografering/filming har forvaltningsplanen slike føringar: *«løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.»*

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dispensasjonsheimelen i § 48 og dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml) .

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket. Ukritisk bruk av unntaksreglane vil skape uheldig presedens for seinare saker, og for søknader om film-/TV-program er det lagt vekt på å ha eit tydeleg skilje mellom naturinformasjon og formidling av den tradisjonelle bruken av området opp mot filming av aktivitetar som like gjerne kan leggjast til område utanom verneområde. Det er gjeve enkelte løyve til liknande søknader tidlegare; t.d. «Besseggen minutt for minutt» i september 2017 og «Gutta på tur» til Galdhøpiggen i mai 2017. Begge desse programma formidla også det enkle friluftslivet til eit breitt publikum, og det vart gjeve løyve til tekniske hjelpemiddel til filmopptaka.

Vurdering

Søknaden gjeld synfaring for førebuing av planlagde opptak til eit direktesendt program sommaren 2018, og vil truleg få ein oppfølgingssøknad om bruk av drone og/eller motoriserte hjelpemiddel i samband med sjølve gjennomføringa i juli. Det som skal formidlast er ein fjelltur med Lars Monsen, minutt-for-minutt. Det er viktig at gjennomføringa skjer etter eit opplegg med minst mogleg motorferdsel, og resultatata av rekognoseringa som det er søkt om nå må brukast aktivt for å finne ei rute der ein i størst mogleg grad kan unngå bruk av andre motoriserte hjelpemiddel enn drone, som truleg er tenkt nytta for god filmopptak undervegs på turen minutt-for-minutt.

Jotunheimen er eit populært område der mange ønskjer å filme, og det er viktig å behalde delar av verneområdet mest mogleg uforstyrra for å oppretthalde verneverdiane knytt til urørte område i nasjonalparken og landskapsvernområdet. Det aktuelle turopplegget følgjer i stor grad etablerte ruter, men rekognoseringa for å sjekke signal og sendeforhold vil dels gå inn på urørte område. Dette gjeld helikopterlanding på Uranosi og Snørestødet.

Saka er ikkje er knytt til marknadsføring eller reklame, men skal formidle naturopplevinga ved å gå i fjellet med vektlegging av sporlaus ferdsl. TV-produksjonen kan også bidra til å fylle eit informasjonsbehov, da ein i dag ser at mange dreg til fjells utan tilfredsstillande utstyr og fysiske føresetnader for å gjennomføre turar i barskt klima og utfordrande terreng. Formidlinga kan også inspirere folk til å delta i det enkle friluftslivet, som har stor verdi for folkehelsa. Det er elles knytt til markeringa av 150-årsjubilettet til DNT, og kan såleis karakteriserast som ei særskild hending. Det er også tidlegare opna for bruk av tekniske hjelpemiddel for produksjon av program som formidlar dei enkle og tradisjonelle turane til fots etter merka stigar innan gule soner på forvaltningsplankartet. Men ved bruk av nml § 48 må ein ha ei streng vurdering av omfang og sterkt fokus på skjerming av urørte lokalitetar og sårbare verneverdiar – jf. formålsparagrafane for Jotunheimen og Utladalen og krav som må vere oppfylte for å kunne gje dispensasjon med heimel i § 48.

Kunnskapsgrunnlaget er bra (nml § 8), og sonedelinga er gjort ut ifrå ein strategi som tek sikte på ei differensiert forvaltning med ulik grad av tilrettelegging. Robuste område har merka stigar og løyper, medan sårbare område er skjerma mot tilrettelegging. Rekognosering med snøscooter i områda rundt dei merka rutene på strekninga Sognefjellshytta – Fannaråken – Skogadalsbøen vil ha liten innverknad på verneverdiane, og vil bli planlagt i nært samarbeid

med lokalt oppsyn. Det same gjeld ferdsel etter Folkevegen frå Hjelle til Vetti. På denne strekninga kan det og vera mogleg med samordning med Statens Naturoppsyn sine ærend i samband med førebuing av skjøtsel i området.

Føre-var-prinsippet og omsynet til økosystem og samla belastning (nml §§ 9-10) tilseier at ein unngår bruk av motoriserte hjelpemiddel innan sårbare delar av verneområda. Helikopterlanding på urørte og lite tilgjengelege område som Snørestødet kan koma i konflikt med verneverdiane sårbare rovfugllokalitetar, og vilkåra for å gje dispensasjon med heimel i nml § 48 synest ikkje å vera til stades her. Bruk av helikopter er elles ein effektiv måte til å skaffe ønskte opplysningar på, men bør ikkje gå inn på område der det ikkje er inngrep og trafikk frå før. Det er elles ein grunnleggjande føresetnad å halde god avstand til fugl og villrein, og trekkje seg attande dersom ein oppdagar sårbare artar under rekognoseringa, jf. § 12 om «miljøforsvarlige teknikk og driftsmetoder». For å unngå unødig forstyrring av folk som nyttar området, bør ein unngå flyging på helgedagar, da det er størst utfart (nml § 12). I den grad helikopterflyginga kan samordnast med DNT sine ordinære transportoppdrag mot Skogadalsbøen og Fannaråkhytta i samband med påska og førebuing til sommarsesongen, bør dette alternativet undersøkast. § 11 i naturmangfaldslova er ikkje vurdert som relevant i denne saka.

Under føresetnad av at motorferdsla skjer omsynsfullt og med god avstand til fugl/vilt kan ein på visse vilkår gje dispensasjon for bruk av snøscooter og helikopter på strekningar og lokalitetar med ferdsel og aktivitet frå før.

Helikopterlanding på urørte og lite tilgjengelege lokalitetar kan derimot vera i konflikt med verneformål og verneverdiar, slik at vilkåra for bruk av nml § 48 ikkje synest å vera oppfylt når det gjeld landing på Snørestødet. Turprogrammet må tilpasse seg vernereglane på dette punktet, og finne alternativ dersom ein ikkje kan gjennomføre det primært ønskte opplegget utan motorferdsel i sårbare område.

Konklusjon:

Ei formidling av det enkle friluftslivet er positivt med tanke på å få fleire ut på turar, Konseptet minutt for minutt skil seg frå dei fleste andre søknadane om bruk av tekniske hjelpemiddel for fotografering og filming. På eit prinsipielt grunnlag er likevel viktig å unngå uroing eller promotering av sårbare område, og unngå aktivitet innan slike område dersom ein kan oppnå nokonlunde same effekt ved å filme på andre lokalitetar. Opplysningane som blir henta inn nå, må brukast aktivt for å legge opp eit turprogram som krev minst mogleg tekniske hjelpemiddel under sjølve turen.